

Pb. 8118 Dep

0032 Oslo

e-post: postmottak@fkf.dep.no

Høyringsvar "Forslag til særskilte tiltak for akvakulturrelatert verksemd i Hardangerfjorden."

Norheimsund og Steinsdalen Grunneigarlag (NSG), er ein organisasjon som samlar alle fiskerettshavarar i Steinsdalsvassdraget, inklusiv Movatnet.

Me meiner å ha førstehånds kjennskap til kva den enorme veksten i oppdrettsnæringa har gjort med lakse- og sjøaurestammene våre i Hardanger. Den massen som til no har vore produsert i Hardangerfjorden, har påviseleg knekt stammene av villfisk. Dette er eit uomtvistelig fakta dei fleste etterkvart er einige om. Dette står og i høyringsbrevet frå FKD: *"HI har også nylig utgitt ein risikorapport om oppdrettsnæringa og det er fagleg semje i forskningsmiljøa og forvaltninga om at lakselus og rømd oppdrettsfisk er dei viktigaste årsakene til problema for vill laks og sjøaure i området."* Dette i seg sjølv må etterkvart vera eit tydeleg nok signal om at veksten har kome for fort.

Næringa har i mange år uttala at lus og rømming er problem dei har kontroll på. Og om dei berre vert gjevne frie nok tøylar, vil dei finna løysningar på problema. Åra har gått. Ingenting er løyst. I mellomtida er situasjonen for sjøaure- og laksestammene i Hardanger vorte kritisk.

Det er derfor heilt nødvendig med kutt i produksjonen for å berga villfisken. NSG meiner sjølv sagt at eit biomassetak på 50 000 MTB også er for høgt. Dette begrunnar me med at produksjonen fram til i dag, har vore meir enn nok til å forsyna Hardangerfjorden med meir lakselus og rømd fisk, enn det dei ville stammene har greid å overleva. I tillegg ser me at ein har mindre kontroll med lusa pga. resistensproblemer, og oppdrettslaks rømmer fortsatt. 2010 var eit år med svært mykje rømd laks i elvane i Hardanger. Berre i Steinsdalselva vart det tatt over 80 rømde oppdrettslaksar.

Dei siste dagars utvikling, der oppdrettsnæringa truar med å trekkja seg frå **"Nasjonalt pilotprosjekt i Hardangerfjorden for strakstiltak for vill laksefisk"**, viser med all tydelighet at det trengs reguleringar frå FKD for å leggja til rette for at me skal ha vill laksefisk i Hardangerfjorden i framtida og. Me vil og minna om at samtlige lakseførande vassdrag i Hardanger er stengt for fiske etter laks. I tillegg innførde Fylkesmannen fom. 2010 stopp i fisket etter sjøaure i vassdraga i midtre Hardanger.

NSG konkluderar med at dagens størrelse og drift av oppdrettsnæringa i Hardangerfjorden, ikkje er i nærheten av bærekraftig. Den er enno lenger frå å drivast etter eit "føre var prinsipp".

Lokalt har me selskap som har drive oppdrett av laks i mange år. Lingalaks er ein slik lokal aktør. Dette selskapet er kanskje det selskapet som har prøvd hardast å utvikla meir miljøvennlige måtar å driva oppdrett på. Sjølv om ein skulle tru at dei store selskapa, som t.d Marine Harvest, skulle ha større økonomisk evne til å vera pådrivarar for ei meir miljøvennlig drift, er dette altså ikkje tilfelle. NSG ber derfor om at alle steinar vert snudde for å finna ei fordeling av produksjonen, som

stimulerar til at selskap som Lingalaks, kan fortsetja sitt arbeid mot ei meir miljøvennlig drift av næringa.

Mvh

Norheimsund og Steinsdalen Grunneigarlag

V/ A.Alvsåker